

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

STATUS FLYKTNINGMOTTAK

Sakshandsamar: Kristine Trane/Trine-Lise Aasen

Arkivsak : 16/963

Arkivkode: 391

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)


SAKSUTGREIING:

Dagens situasjon (pr. september 2017)

Pr. september har Tysnes kommune busett totalt 40 personar. 25 personar frå Eritrea, 3 personar frå Etiopia og 12 personar frå Afghanistan. 31 personar har vore busett gjennom IMDI, medan 9 personar har kome på familiesameining. Av dei 40 personane er 14 born som fordeler seg frå barnehage-alder til ungdomsskule-alder.


Av 26 personar er det ein person som ikkje har starta opp i introduksjonsprogrammet grunna sjukdom.

Me ventar og på ei familiesameining der det kjem ei kvinne og tre born, i tillegg har me sendt oppmoding til IMDI om seks nye personar for å fylle kvoten for 2017.



Dagens situasjon pr.september:

- 20 personar i introduksjonsprogram
- 1 person ute i permisjon
- 3 personar avslutta i introduksjonsprogrammet
- 1 person har flytta
- 1 person er ikkje starta opp i introduksjonsprogrammet grunna helseutfordringar.



Introduksjonsprogrammet:

Programmet har ein varigheit på to år og eit tredje år kan bli tildelt i enkelte høve for å oppnå deltakarars spesifikke mål. Deltakarane skal stort sett følgje dei same fráværreglane som i arbeidslivet elles. Ugyldig frávær gir trekk i introduksjonsstønad.

Deltakarane i introduksjonsprogram skal ha ein individuell plan. Planen skal sei noko om måla med deltakaren sitt program og opplæring, og kva aktivitetar og tiltak som må til for å nå disse. Kommunen skal revidere planen jamleg.

Flyktingtenesta lagar saman med vaksenopplæringa introduksjonsprogrammet i Tysnes kommune. Introduksjonsprogrammet skal vera heilårig og på fulltid (37,5 timers veka). Introduksjonsprogrammet i Tysnes kommune består i hovudsak av 16 timar norsk, ca 8 timar språkpraksis, 4 timar med informasjon og undervisning frå flyktingtenesta, i tillegg til samfunnsfag, leksehjelp, språk kafé, fysisk trening, køyretimar og skulekjøken med fokus på praktisk norsk. Avhengig av yrkesmål, har me også nytta arbeidskvalifisering gjennom NAV, grunnskule og vidaregåande skule.

Elevane skal ha 50 timar samfunnskunnskap og opplæringa bør gå på deira morsmål. Denne opplæringa skal munne ut i ein prøve som elevane er nøydt til å bestå på sitt morsmål for å få varig opphald, medan dei må bestå den på norsk for å kunne søkje statsborgarskap. For å få best mogleg kvalitet på tilbodet, ser me no på ei løysing om å kjøpe denne tenesta hos til dømes Os kommune. Dei gjennomfører intensiv samfunnsfagsopplæring i haustferien og har tilgang på fleire morsmållærarar. Slik me ser det, vil det og vera eit rimeligare tilbod enn å gjennomføre det sjølv.

Dette må kommunen gjera:

- Gje rettleiing på introduksjonslova sitt område til flyktningar og innvandrarar.
- Fatte ulike vedtak om den enkelte si deltaking i introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunen skal revidere planen jamleg.
- Registrere ein rekkje opplysningar i Nasjonalt introduksjonsregister om deltaking i introduksjonsprogram og norskopplæring.
- Gjennomføre norskprøver.
- Utstede deltakarbeviset som er ein dokumentasjon på tiltak og gjennomført opplæring.
- Drive internkontroll av ordninga. Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane, og sørge for at de tilbyr deltakarane det dei etter lova har rett på.

Kommunen får tilskot for kvar busette flyktning for fem år, så lenge vedkommande har folke-registrert adresse i kommunen. Tilskottet vert redusert kvart år. Det er høgt dei to fyrste åra, og vert kraftig redusert det tredje året. Tysnes kommune tok imot flyktningar frå 2014, og fekk tilskott for slutten av 2014 som er sett av på fond for å kunne finansiera drift av tenesta frametter, saman med løypande tilskott.

Kor mange har fått eit 3.år i introduksjonsprogrammet?

Fem personar har fått tildelt introduksjonsprogrammet utover 2 år. To personar har fått seks månader ekstra for å avslutta pågåande kurs/ utdanning. Tre personar har fått tildelt eitt år ekstra for å få grunnleggjande norskkompetanse for å kunne kvalifisere seg til arbeid eller utdanning.

Kor mange har hatt overgang til skule?

I introduksjonsprogrammet har me to personar som tar grunnskule i inneverande år, medan to personar har fullført yrkesfagleg kvalifisering. Ein person har fått studiekompetanse, og skal vidare på høgskule.

Kor mange har hatt overgang til jobb?

I løpet av introduksjonsprogrammet har fleire flyktingar fått sommarjobb og ekstravakter. Ein person har deltidstilling ved sida av introduksjonsprogrammet. Av dei som er blitt avslutta i programmet, har to personar deltidstillingar. Alle tre er ringehjelp.

Kor mange har hatt overgang til tiltak eller oppfølging frå NAV?

Ein person er i tiltak gjennom NAV.

Flyktingtenesta og vaksenopplæringa sine erfaringar

Flyktingtenesta kan ikkje velje kven me skal busetja:

Grunna stor pågang av flyktingar kunne me i starten styre det litt i høve til kven me tok inn, noko som gjorde at me tok inn folk som hadde same språk. Dette gjorde at me kunne nytta felles tolk og at dei hadde fellesskap med kvarandre på Hovland.

Det er etter kvart blitt ein stor variasjon i utdanningsbakgrunnen til vår flyktinggruppa, noko som påverkar norskprogresjonen. Me ser at ein viktig faktor for ein rask progresjon i norsk er at personane kan fleire språk og alfabetet frå før. Me ser og at personar som har høgare utdanningsnivå enn grunnskule, lærar fortare. For å få ei optimal norskopplæring er me avhengig av å kunne tilby differensiering av opplæringa. Det krev ressursar. Me har fått på plass gode planar for gjennomføring av undervisninga, samt oppfølging av den enkelte. Me har i år fått auka opp lærarressursen og dermed fått nivåinndelt elevgruppa i 3 nivå. Dette gjer oppfølginga lettare og ein vil kunne forvente raskare progresjon. Me nyttar to rom i Tysneshallen og eit rom på Tysnes Skule. Det eine rommet som vert nytta i hallen er eit lite grupperom. Det er ikkje eigna som klasserom då det er dårleg luftkvalitet til så mange menneske, og det er ikkje mogleg å opne vindauget.

Det har til tider vore utfordrande å få relevante og mange nok språkpraksisplassar, og me er svært avhengig av at både dei private og offentlege arbeidsplassane tek i mot nye praksiskandidatar. Språkpraksis er svært viktig for å tileigna seg kunnskap om norsk arbeidsliv og reglar. Her får flyktingane praktisere munnleg norsk, i tillegg til at det er ein god arena for nettverksbygging. Språkpraksis har i nokre tilfelle ført til deltidjobb og sommarjobb.

Ein del av introduksjonsdeltakarane har ulike utfordringar og det er viktig å få til eit godt samarbeid med det offentlege hjelpeapparatet då behovet for dette er stort t.d. logoped. Det kjem og introduksjonsdeltakarar med ulike psykiske utfordringar som fører til at dei har behov

for ekstra oppfølging av t.d. assistent for å kunne få så godt utbytte av opplæringa som mogleg.

Friviljuge:

Dei friviljuge er svært viktige for å lukkast med introduksjonsprogrammet og integreringa. I dag får alle flyktningar leksehjelp av tidlegare pedagogar, spesialpedagogar og andre, tre til fire gongar i veka. Me har også friviljuge som er leksehjelp for dei eldste flyktningborna. I tillegg har dei friviljuge «skulekjøken med praktisk norsk», køyring, småjobbar til flyktningar og lærekøyring mm.

Busetjing i nærleik av skule, barnehage og arbeid for god integrering

Ein føresetnad for å lukkast med god integrering er at busetjing må gå føre seg i nærleiken av skule/ barnehage/ arbeidsplassar/ fritidstilbod.

Det har til no vore vedtak om busetjing på Hovland, men dette skapar store utfordringar i forhold til avstand til butikk, skule, barnehage og fritidstilbod, grunna manglande busstransport. Buss-situasjonen ved Hovland er pr. dags dato at det er ingen bussar om laurdagen, sterkt redusert på søndagen, og generelt dårleg i vekedagane. Dette vanskeleg-gjer deltaking på introduksjonsprogrammet, og det er umogleg viss ein har born som skal gå på skule eller barnehage.

Mange av våre einslege flyktningar har fått familiesameining, og behovet for å bu meir sentralt er difor meir prekärt. I dag er det berre ein person som bur på Hovland, resten bur i Lunde, Uggdal og Våge. Det er eit sterkt ynskje å busetja seg i Våge grunna skule og fritidstilbod, men også at det er lettare å reise til Bergen i helga. Mange av flyktningane reiser til Bergen for å kunne gå i kyrkja. For dei som bur utanfor Våge er dei avhengige av friviljuge til å køyre dei til ferja.

- **Flyktningborna**

Ein viktig føresetnad for å lukkast i arbeidet, er å sikre at flyktningborna får nok oppfølging til å kunne gjennomføra skulen på ein god måte. Mange av flyktningborna går på skule, og det er utfordrande for foreldra å hjelpe borna med lekser. Flyktningtenesta har difor gått inn for å lønna leksehjelp 1-2 timar i veka for dei yngste borna som er i SFO. Dei eldre borna får leksehjelp av friviljuge.

Informasjon frå IMDI angående busetting frametter

Både korrespondanse med IMDI og statsbudsjettet for 2018 viser at det blir sterk nedgang i talet på flyktningar som skal busetjast i Norge i 2018. Utifrå e-post frå IMDI er situasjonen fortsatt ubestemt, og det kan vera at Tysnes kommune ikkje blir oppmoda til busetjingar i 2018. Kommunen ver oppmoda av kommunekontakten i e-post av 5. september 2017 å utsetje vedtak om tal flyktningar. Han skriv at det ikkje er teke avgjerd om tal flyktningar som skal

busetjast i Vest. Talet er så lavt at det kan hende Tysnes ikkje vert oppmoda om å busetje i 2018. I Brev frå Imdi av 2. oktober 2017 kom det i følgjande informasjon:

« På grunn av svært lave ankomster av asylsøkere til Norge, er det forventet at langt færre flyktninger skal bosettes i kommunene i 2018, sammenlignet med 2017. Derfor vil rundt halvparten av kommunene som har bosatt de siste årene bli bedt om å bosette flyktninger i 2018. De kommunene som blir spurt, må også være forberedt på å bosette vesentlig færre flyktninger enn de gjør i 2017»

I brevet vart det også informert om at det skal takast utgangspunkt i felles kriterier ved vurdering av busetting i 2018. Dette gjeld innbyggjartal, sysselsettingsnivå, og resultat i introduksjonsprogram over tid. Kommunane vil ikkje bli beden om å busetja færre enn ti flyktningar. IMDI og KS driv no og set fast fordeling av oppmodingstal på kommunenivå. Aktuelle kommunar vil få oppmoding frå IMDI i veke 44. Kommunar som ikkje vert beden om å oppmoda vert også informert.

I 2017 har me busett ein person gjennom IMDI, og me har sendt oppmoding til IMDI om seks personar til. Sju personar har kome på familiesameining, og me forventar å få fire til i år.

Dersom me ikkje får oppmoding om å busette flyktningar i 2018, har me vurdert at det ikkje er naudsynt å gjere noko med drifta for 2018, på grunn av dei som er forventa å komme, familiesameining og annen gangs busetting på grunn av dette, saman med plan og oppstart av introduksjonsprogram på vaksne familiesameinte. Vidare vil me kunne vri ressursane inn mot oppfølging av dei som ikkje kan nytte seg av introduksjonsprogrammet, og vidare oppfølging i NAV av denne gruppa.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

For 2018 vil Tysnes kommune vurdera førespurnad frå IMDI om busetting når denne kjem.

Dersom Tysnes kommune ikkje får fylt den kvota me har avtalt for 2017 føreset me at dette vert overført til 2018.

Tysnes kommune vil halde fram med å ta imot familiesameining.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)